Som det gjeng fram av punkt 2 i vedtaket frå Representantskapet vert noverande diakonisasamarbeid oppløyst frå og med 01.01.2020, og ein ser det difor som naudsynt å ha på plass ein ny avtale for Øvre Otredal så snøgt som råd etter årsskiftet, ikkje minst av økonomiske årsaker.

Det utkast til avtale som her føreligg for diakonisamarbeidet i Øvre Otredal, legg opp til ei noko enklare formell organisering.

Medan det noverande prostidiakonisamarbeidet har hatt både eit styre og eit representantskap, legg ein her opp til at det styret som vert vald både vert ei ressursgruppe for prostidiakonen, og samstundes har ansvaret for dei meir formelle funksjonane i samarbeidet - knytt til rekneskap, budsjett, årsmelding m.m.

Dette er ganske likt den funksjon som dei berørte sokneråda i Øvre Otredal allereie har.

Styrets samansetning og oppgåver gjeng fram av punkt 4 i vedlagte forslag, og inneber at kvart sokneråd vel ein styrerepresentant og ein vararepresentant, og med ei funksjonstid som er lik soknerådas valperiode. Dette både av praktiske årsaker, og for å sikra kontinuitet i arbeidet.

Det enkelte sokneråd står fritt til å velja styremedlemmer frå eigne rekker eller utanfrå.

ØKONOMI

Vedlagt følger budsjettframlegget for 2020.

Det er inndelt slik:

Venstre talkolonni: Budsjett for det gamle prostidiakonisamarbeidet i 2019

Til høgre for dette: 2020-budsjettet for Nedre Otredal, 2020-budsjettet for Øvre Otredal og summen av 2020-budsjettet for begge einingane.

Forklaring til tala står nederst på vedlegget.

Fordelinga er gjort i samråd mellom kyrkjevevja i Bygland og kyrkjevevje i Vennesla, og der kyrkjevevja i Bygland i tillegg har vore rekneskapsførar for prostidiakonisamarbeidet i heile Otredal dei ti siste åra.

Som det gjeng fram av budsjettframlegget er det i 2020 budsjettet med bruk av fond på kr.55.000,-

I punkt 7 står det ein merknad om dette.

Sidan noverande prostidiakon er løna på pensjonistløn vil ein etter alt å døme ikkje ha bruk for å saldera rekneskapsfor 2020 ved bruk av fond i det heile tatt. Men som det står som merknad i pkt.1 har ein vald å budsjettera med noverande avlønning for prostidiakonen i nedre Otredal, sidan det er den løna ein må pårekna når Per Emanuelen i framtida går av med pensjon.

Det er opparbeidd eit fond som pr.31.12.2018 var på kr.585.864,-

Fondet var pr.31.12.2019 på kr.618.125,-

I innkalling til siste møte i det noverande representantskapsmøtet 12.mars gjeng det i sak 7/20 fram forslag til fordeling av desse fondsmidlane.

Reknestykket er slik:

Avsette fondsmidler 31.12.2019: kr.618.125,-

Framtidige pensjonsforpliktingar: kr.350.000,-

Resterande midler:	kr.268.125,-
Som vert fordelt med:	
Øvre Otredal: 45%	kr.120.656,-
Nedre Otredal: 55%	kr.147.469,-

Det tyder at Øvre Otredal i 2020 får tilført kr.120.656,- som vert å avsette til framtidig fond.

45 prosent er i samsvar med dei 15 prosentane som henholdsvis Bygland, Valle og Bykle kvart år har betalt inn som sin andel av prostidiakonisamarbeidet.

PROSTIDIAKONENS ARBEIDSOPPGÅVER OG ORGANISERING

I samband med etableringa av prostidikonitenesta i 2002 var følgande hovudområde påpeikt som prostidiakonen skulle arbeide med.

I stikkords form var dette:

- Fokus på einsemd, rus, psykisk helse, realasjonskonflikter og sorg.

I høve til konkret oppfølging av dette i Øvre Otredal skal prostidiakonen ha arbeidstida si i partalsveker, og i utgangspunktet ein dag i kvar kommune. I tillegg har han heimekontor og handterer saker og henvendingar fortløpande frå der han befinn seg.

Tenesta vert utført i samarbeid med styret, kyrkjelydanes diakoniutval, lokal prest og dei psykososiale kriseteama. Dette inneber og god kontakt med ordførarar og rådmenn i dei berørte kommunane.

Arbeidskvardagen består i stor grad av heimebesøk, med samtalar og oppsøkande teneste, temakvelder og diakoniens dag, i tillegg til jamnlige besøk på sjukeheimane.

Prostidiakonen har og si faste spalte «Godtankar» i Setesdølen som ein del av si oppgåve.

FORSLAG TIL VEDTAK

Ein legg med dette saka fram med følgande forslag til vedtak:

1. Vedlagte avtale om diakonisamarbeid for Øvre Otredal vert lagt til grunn.
2. Dei berørte sokneråda vel kvar ein styrerepresentant og ein vararepresentant slik det går fram av avtalens pkt.4
3. Vedlagte budsjett for 2020 for diakonisamarbeidet for Øvre Otredal vert lagt til grunn.
4. Øvre Otredal får i 2020 tilført kr.120.656,- i fondsmidlar frå det tidlegare prostidiakonisamarbeidet.

 Dette vert avsett til bunde fond.



DEN NORSKE KYRKJA i Bygland

Diakonisamarbeidet i Øvre Otredal

Til styret i Diakonisamarbeidet i Øvre Otredal

Bygland, 26.02.2020

INNKALLING TIL STYREMØTE TYSDAG 14.APRIL

Ein kalla med dette inn til første styremøte i Diakonisamarbeidet i Øvre Otredal tysdag 14.april kl.19.00 på Valle kyrkjekontor.

Er nokon forhindra frå å koma, ver grei å seie frå så fort som mogeleg, slik at varamedlem kan innkallast.

Sak 1: Konstituering av styret, val av leiar og nestleiar

Sak 2: Gjennomgang av avtalen om prostidiakonisamarbeidet i Øvre Otredal

Sak 3: Budsjett for 2020

Sak 4: Prostidiakon Per Emanuelsen orienterer om det diakonale arbeidet i Øvre Otredal, og om mål, visjonar og planer framover

Sak 5: Eventuelt

For meir info, kontakt meg på telefon 982 99711 eller mail: kbnilsen@hotmail.com

Velkomen!

Med vensam helsing

Olav Nilsen

Kyrkjevevjerje Bygland

Sekretær for prostidiakonen

FR 10/2020 - Budsjett - Tysdag 17. mars 2020

Oversikt over økonomien i Valle og Hylestad sokn

- Driftsbudsjett
- Investeringsbudsjett
- Fond

Sakshandsaming / vedtak

Driftsbudsjett 2020		Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Inntekt				
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-105 000	-75 000	-229 528
660-679	salg av driftsmidler/fast eiendom			
700-789	refusjoner/overføringer	-360 000	-319 000	-579 387
790	kalk, inntekt ved komm. Tj. Ytingsavtale	-640 000	-670 000	-687 748
800-829	statlige tilskudd	-98 000	-118 000	-96 000
830-839	rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-2 570 000	-2 391 000	-2 527 065
840-859	tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	-10 000	-10 000	
860-879	andre tilskudd, gaver, samlede midler	-158 000	-460 000	-190 990
	Sum driftsinntekter	-3 941 000	-4 043 000	-4 310 717
Utgifter				
010-099	Lønn og sosiale utgifter	1 942 000	1 666 000	1 538 362
100-299	kjøp av varer og tjenester	1 553 000	1 590 000	1 079 449
300-389+429	refusjoner/overføringer	120 000	97 000	238 075
390	kalk. Utg. ved komm. Tj.ytingsavtale	640 000	670 000	687 748
400-479 eksl.429	tilskudd og gaver	83 000	70 000	92 506
	sum driftsutgifter	4 338 000	4 093 000	3 636 140
	Brutto driftsresultat	397 000	50 000	-674 577
900-909	renteinntekter og utbytte	-43 000	-15 000	-28 909
920-929	Motatte avdrag på utlån			
500-509	renteutgifter og låneomkostninger	30 000	30 000	25 916
510-519	avdrag på lån	211 000	211 000	211 323
520-529	utlån, kjøp av aksje, andel o.l.			
	netto finansinntekter/-utgifter	198 000	226 000	208 331
590	Avskrivinger	200 000	1 480 000	97 486
990	motpost avskrivinger	-200 000	-1 480 000	-97 486
	netto driftsresultat	595 000	276 000	-466 246
Interne finansieringstransaksjoner				
930	bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)		-524 000	-53 199
940-949	bruk av disposisjonsfond	-436 000	-252 000	-115 249
950-959	bruk av bundne fond	-190 000	-35 000	-77 624
	sum bruk av avsetninger	-626 000	-811 000	-246 073
530	avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)			
540-549	avsatt til disposisjonsfond	25 000	529 000	173 560
550-559	avsatt til bundne fond			7 732
570	overføring til investeringsbudsjettet	6 000	6 000	6 801
	sum avsetninger	31 000	535 000	188 093
	Merforbruk/mindreforbruk=0	0	0	-524 226

Investeringsbudsjett 2020		Budsjett 2020	Budsjett 2019	rekneskap 2018
010-389+429	Investeringer i anleggsmidler	600 000		101 570
390	Kalk. Utgift ved komm.tj. Ytingsavtale			
500-509	Renteutgifter, låneomkostninger			
510-519	avdrag på lån			
520-529	Utlån, kjøp av aksjer, andel o.l.	6 000	6 000	5 545
530-559	avsetninger		250 000	104 965
	Årets finansieringsbehov	606 000	256 000	212 080
Finnansieres slik:				
910	Bruk av lånemidler			
660-670	Inntekter frå salg av driftsmidler/fast eiend.			
700-779	refusjoner/overføringer			-20 314
790	Kalk. Inntekt ved komm. Tj. Ytingsavtale			
800-879	tilskudd ti investering	-250 000	-250 000	-180 000
920-929	mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)			
	Sum ekstern finansiering	-250 000	-250 000	-200 314
970	Overføring fra driftsbudsjettet	-6 000	-6 000	-6 801
930-959	Bruk av avsetninger	-350 000		-4 965
	Sum finansiering	-606 000	-256 000	-212 080
	Udekket/udisponert	0	0	0

Fond pr. 1/1-20		
Konto	Konto (T)	Beløp
Bundne fond		
55299008	ENØK-tiltak kyrkjane (203)	-280 000,00
55299009	Vegleiaren	-28 500,00
55299012	Mur Valle kyrkje (202)	-150 000,00
55299013	O.A. Løylands bibelfond	-114 083,52
55299015	Sommarkonsertane	-39 013,58
Bundne investeringsfond		
55599001	Urnelund (pro 209)	-100 000,00
55599002	Grunnmur kyrkjene (pro 350)	-250 000,00
Ubundne fond		
55699001	Disposisjonsfond Kyrkj. fellesråd	-349 947,69
55699003	Ungdom i oppdrag HS	-5 001,73
55699009	Kyrkjestoge	-1 073 316,13
55699012	Strukturprosessen	-100 000,00
55699013	Ombygging orgel Hylestad	-300 000,00
Sum fond		-2 789 862,65

FR 11/2020 - Anke - Tysdag 17. mars 2020

Tilsvar til anke på Kartverkets avgjerelse om heimelshavar til Meinigheitshus-tomta.

- Kartverkets avgjerelse 3 januar 2020
- Anke 17 februar 2020
- Forkynning 20 februar 2020, motteke 27 februar 2020
- Henvendelse til KA
- Bestilling av KA
- Tilsvar utarbeidast av KA. (Ettersendast til sokneråd så snart dette føreligg)

Anke på Kartverkets avgjerelse vart forkynt på lensmannskontoret i Valle den 27 februar 2020, og det er gjeve ein tilsvarsfrist på tre veker, og då må det sendast tilsvar innan 19 mars 2020. Soknerådet sin advokat i KA er kontakta, og det er halde møte med kommunen den 4 mars 2020. Tilsvar som utarbeidast blir ettersendt til soknerådet så snart det føreligg.

Sakshandsaming / vedtak



Kartverket

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 19/40097-10

03.01.2020

Ark.: 346

Avslag på krav om retting av grunnboken

Saken gjelder gnr. 40 bnr. 7 i knr. 0940 Valle kommune

Vi har i dag blitt gjort oppmerksomme på at det er en trykkfeil på side 3 i vårt vedtak av 20.12.2019. I den siste setningen under vår vurdering har ordet *ikke* falt ut. Riktig setning er "*Etter at vi har gjennomgått saken, mener vi at det vilkårene for å rette grunnboken etter tinglysingsloven § 18 ikke er tilstede.*"

Vedtaket i sin helhet er gjengitt nedenfor.

Vi viser til henvendelse fra Tarald Rike mottatt her 19.08.2019 hvor dere ba oss rette grunnboken fordi dere mener at Valle og Hylestad sokn ikke kan disponere over ovennevnte eiendom. Dere ber om at eiendommen blir tilbakeført til Valle Menighetshus ved et reetablert styre.

Statens kartverk Tinglysing kan ikke etterkomme anmodningen.

En mer utfyllende forklaring følger nedenfor.

Fakta i saken

Ved tinglysing av skjøte 17.06.2011 med dokumentnummer 464209 ble gnr. 40 bnr. 7 overført fra Valle Menighetshus og til Valle kommune. På skjøtet fremkom Valle og Hylestad sokn (Valle Menighetshus) orgnr. 976992482 som overdrager. I grunnboken stod hjemmelen på Valle menighetshus med løpenummer.

På bakgrunn av henvendelsen sendte vi et varsel om retting av grunnboken til ny hjemmelshaver til eiendommen, Valle kommune, samt Valle og Hylestad sokn som faktisk overskjøtet eiendommen til Valle kommune.

Vi har mottatt tilbakemeldinger fra både Valle kommune og Valle og Hylestad sokn

Anførsler

www.kartverket.no

Rike anfører at det må ha skjedd en feil ved tinglysingen av skjøtet 17.06.2011 dokumentnr. 464209 ettersom vi godtok at Valle og Hylestad sokn disponerte over den faste eiendommen som angivelig tilhørte et annet rettssubjekt. Rike har lagt frem omfattende dokumentasjon som viser eiendommens historikk.

Valle kommune ved rådmannen har bedt adv. Lars Gunnar Nag, advokatfirmaet Interjuris, om en vurdering av saken. Det fremkommer av advokatens vurdering at han mener at klagerne ikke har rettslig interesse. Det har ikke eksistert noe styre siden 2011, han mener derfor at de som fremsetter klagen kun klager på vegne av seg selv.

Videre anføres det at Valle og Hylestad sokn var eier av menighetshuset. Det er menighetsrådet som treffer avgjørelser på vegne av soknet, jfr. bestemmelse i kirkeoven. De vurderer vedtektene for Valle menighetshus slik at eierskapet til eiendommen er lagt til soknet, jf. vedtektene § 1. Det er soknerådet som da har hjemmel til å selge eiendommen til kommunen.

Til slutt anføres det at styret for menighetshuset har nedlagt seg selv som følge av at huset ble solgt. Det bemerkes at to av dem som undertegner klagen var tidligere styremedlemmer og de mener at skifte av standpunkt ikke kan rokke ved et tidligere vedtak. Kommunen mener derfor at de må vurderes som privatpersoner.

Vi har også fra Valle og Hylestad sokn mottatt innsigelser til anmodningen om retting. Soknerådet er av den oppfatning at styret for menighetshuset er satt til å forvalte huset innenfor lovene som gjelder for menighetshuset, men at huset er eid av Valle kirkelyd. Det fremkommer ikke av lovene at de kan disponere rettslig over eiendommen. De mener derfor at det har skjedd en tinglysingsfeil, når hjemmelen står på styret i Valle Menighetshus, styret er ikke eget rettssubjekt og det er heller ikke foreningen.

De mener videre at årsaken til at soknet ikke står med hjemmel til eiendommen, skyldes at det i 1965 var usikkert om soknet ved soknerådet var et eget rettssubjekt.

Vår vurdering

I følge grunnboken var hjemmelen registrert på Styret i Valle menighetshus med løpenummer. De fikk hjemmel etter kunngjøringsprosess etter tinglysingsloven § 38a, tinglyst 11.07.1964 dokumentnr. 1301.

Det er fremlagt lover for Valle menighetshus der det fremkommer i § 1 at menighetshuset er et lokale for hele soknet og det hører til Valle kirkelyd. Til å ordne med huset skal det velges et styre, jfr. § 4 i nevnte lover.

Vi skal rette grunnboken når vi blir oppmerksomme på at den er uriktig, eller når det på annen måte er gjort feil. Feilen må være klar og uomstridt. I tillegg må det være klart hvordan grunnboken skal rettes. Dette følger av tinglysingsloven § 18 og rettspraksis.

I Høyesteretts kjæremålsutvalgs kjennelse av 19.06.1997, Rt-1997-1154 var spørsmålet om hvordan tinglysingsloven § 18, skulle tolkes.

"Lagmannsretten har lagt til grunn at det for retting etter tinglysingsloven § 18 må kreves en høy grad av sannsynlighet for at grunnbokens innhold er uriktig.

Kjæremålsutvalget er enig i dette, og kan ikke se at det er noen feil ved lagmannsrettens tolkning av tinglysingsloven § 18 når retten ut fra opplysningene i saken ikke har funnet det klart at vilkårene for retting foreligger."

I Borgarting lagmannsretts kjennelse av 03.01.1999 (LB-1998-3543) hadde tinglysingsdommeren rettet grunnboken i medhold av tinglysingsloven § 18. Lagmannsretten

kom til at den tvil som kunne knyttes til dokumentet, sammen med den grunnboksføringen som var foretatt, innebar at det ikke var grunnlag for retting. Lagmannsretten uttaler at:

"Retting etter tinglysningsloven § 18 skal skje i de helt klare tilfellene: Er det tvil om det foreligger en feil, vil vilkårene for å rette ofte ikke være til stede. Dette gjelder både når tvilen knytter seg til hva som er den riktige forståelsen av det dokumentet saken gjelder, og når tvilen gjelder om den registreringen som er foretatt, er uriktig eller ikke, jf. Rt-1997-1154."

Borgarting lagmannsrett har inntatt samme standpunkt i LB-2007-110872 og LB-2007-179922.

I vår sak er det åpenbart en tvist mellom de som mener at soknerådet kunne disponere over eiendommen og ikke.

I Borgarting lagmannsretts avgjørelse LB -2019 93725 uttaler retten at

"Den underliggende tvisten, herunder om NN har fått en betydelig gave fra uskifteboet i strid med arveloven, er en materiell tvist som det ikke tilligger tinglysningsmyndigheten – heller ikke lagmannsretten etter anke – å avgjøre, jf. også LB-2015-84631."

Det vises også til "Tinglysningsloven med kommentarer", Austenå m fl, 9 utg 1990 s 158: "For at retting kan skje må det kreves en forholdsvis høy grad av sannsynlighet for at grunnbokens innhold er uriktig, jf. A 84-8. Er dokumentet først tinglyst, foretas ikke retting med mindre det er på det rene at tinglysing ikke skulle ha skjedd. Tinglysningsdommeren tar ikke standpunkt til en eventuell tvist om det underliggende rettsforhold, se A 84-6".

Dette standpunkt har også gode grunner for seg. Rett nok gjør ikke tinglysing i seg selv en avtale "mer gyldig" eller "mer bindende" enn det underliggende rettsforhold tilsier. Tinglysing i seg selv gir kun rettsvern, jf. de prinsipper om positiv og negativ troverdighet som tinglysing bygger på og som blant annet kommer til uttrykk i tinglysningsloven §§ 20, 21 og 27.

Etter at vi har gjennomgått saken, mener vi at det vilkårene for å rette grunnboken etter tinglysningsloven § 18 ikke er tilstede.

Ankeadgang

Dere og andre med rettslig interesse kan anke denne avgjørelsen til Borgarting lagmannsrett. Ankefristen er én måned fra den dagen dere fikk eller burde skaffet dere kjennskap til avgjørelsen, jf. tinglysningsloven §§ 10, 10a og 10b. Fikk dere melding om avgjørelsen i rekommandert brev, blir ankefristen regnet fra den datoen brevet ble sendt.

I anken må dere vise til hvilken avgjørelse det gjelder og begrunne hvilken endring dere ønsker. Anken sender dere til oss. Etter at vi har behandlet anken, sender vi den videre til lagmannsretten, som avgjør saken.

Hvis dere vil anke, er gebyret for behandling av anken seks ganger rettsgebyret, til sammen 6 900 kroner, jf. rettsgebyrloven § 23a. Betal gebyret til Statens kartverks konto 6345 05 02415 og merk innbetalingen med matrikkelnummer (knr. gnr. bnr. fnr. snr.). Gebyret må være betalt innen ankefristen. Manglende betaling kan føre til at anken blir avvist.

Kravet om forskuddsvis betaling gjelder ikke offentlige organer eller advokater med rett til etterskuddsvis betaling.

Praktisk informasjon

Det finnes mye nyttig informasjon på våre nettsider www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med vårt kundesenter på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er åpent alle hverdager fra klokken 09.00 til 15.00.

Med vennlig hilsen

Einar Nordengen
Registerfører

Haldis Framstad Skaare
Registerfører

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Mottaker: VALLE KOMMUNE
Tarald K Rike
VALLE OG HYLESTAD SOKN

20108438-3
123 EB

Tarald Rike
Oppstadvegen 94
4748 Rysstad

17. januar 2020

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 Hønefoss

ANKE

TIL

BORGARTING LAGMANNSRETT

Sak nr: 19/40097-10

Ankande part: Tidlegare styremedlemer av Styret for Valle Meinighetshus og Valle Indremisjonsforeining)

Prosessfullmektig: Tarald Rike, B.A., Cand. Sociol.
Oppstadvegen 94
4748 Rysstad

Saka gjeld: Gnr 40 bnr 7, 0940 Valle kommune («Meinighetshustufti»);
avslag på krav om retting av grunnboka; brev frå Kartverket til Tarald
Rike av 20.12.2019

I. INNLEIING

Soga bak etableringa av Valle Meinigheitshus byrja i 1902 då Valle Indremisjonsforeining bygde sitt første forsamlingslokale, med namnet «Menighedshus, først notert i grunnboka i 1933, med «Styret for Meinigheitshuset» som heimelshavar. I samband med at Valle Indremisjonsforeining bygde eit nytt og større forsamlingslokale tidleg på 1960-talet, tok «Styret for Meinigheitshuset» opp lån, og på nytt vart «Styret for Meinigheitshuset» skriven inn i grunnboka som heimelshavar.

Det har sidan 1933 ikkje skjedd rettshandlar som har endra heimelshavaren for Valle Meinigheitshus, før i juni 2011. Det har heller ikkje vore rettshandlar som kompliserer saka, ei heller har det skjedd rettshandlar som kompliserer saka etter at Valle kommune overtok grunnboksheimelen 17. juni 2011.

«Styret for Valle Meinigheitshus» bestod i første halvta av 1900-talet av 18 av bygdas mest betrudde menn, valde på livstid, «viss dei ville». «Styret for Meinigheitshuset» bestod i 1965 av 12 av bygdas mest betrudde menn. Bygdas Sparebank hadde ikkje problem med å låne ut pengar til eit slikt styre, ei heller hadde Sorenskrivaren problem med å setje dette styret som heimelshavar til Valle Meinigheitshus.

Grunnboksheimelen har heile tida «Styret for Valle Meinigheitshus» hatt, - inntil eit klerikalt organ begjærte sin nestes eigeidom - inntil det snodige skjedde at Valle og Hylestad Sokneråd 14. april 2011 vedtok [sic] følgjande:

«Valle og Hylestad sokneråd er styringsorgan for Valle kyrkjelyd og handlar på vegne av den. Vedtak: Valle og Hylestad sokneråd vil på vegne av Valle kyrkjelyd selje Valle menighetshus til Valle kommune.»

Ovanfor i nemnde skriv/referat vert det referert til vedtektene («Lovene») for forsamlingshuset: «lokal for heile soknet» og «høyrrer til Valle kyrkjelyd»: «Soknet» er her bruka som eit geografisk område, «høyrrer til» er her bruka som «til bruk for», om lag som at Bondeungdomslaget sitt hus i Oslo «er til bruk for/høyrrer til innflyttarar frå dalstroka utanfor» - eller i meir moderne språkform, «er den primære målgruppa». Nokre veker seinare, 18. mai 2011, vedtok Soknerådet følgjande:

«Leiar i Valle og Hylestad sokneråd Bjørgulv T. Berg har fullmakt på vegne av soknerådet til å skrive under på skjøte ved sal av Valle Menighetshus.»

Nokre veker seinare, 17. juni 2011, godkjenner Statens kartverk overskjøtinga (salget) til Valle kommune. Det er klart at denne overskjøtinga bryt med

tinglysingslova § 13, jf. tinglysingslova § 17 og tinglysingsforskrifta § 3, om krav til grunnboksheimel eller krav til samtykke av heimelshavaren.

Ankande part var av den oppfatning at dersom det vart klarlagt at salget av Meinighetshuset til Valle kommune var illegitimt (ulovleg), ville seljar og kjøpar gjere om salget. I og med at Valle kommune tidlegare hadde vedteke å rive det ikoniske og velhaldne Valle Meinighetshus, var det om å gjere å handle raskt, då tidlegare styremedlemer av Valle meinighetshus – og indremisjonsfolk og bygdefolk elles – etter kvart innsåg den uretten som var gjort av Soknerådet – og for så vidt også av kommunen. Der tok ankande part feil!

Valle Meinighetshus er vel på nærmare 300 kvadratmeter, fordelt på to etasjar; det vart selt mellom samarbeidande partar (vener) i Soknerådet og kommunen. Salgssummen var på berre 1,2 millionar kroner, utan verditaksring av nøytral tredjepart. Salgssummen tilsvarer 4 tusen kroner per kvadratmeter. Nybyggsprisen per kvadratmeter er i Valle kommune i dag 8-10 ganger høgare, anslagsvis 10 millionar kroner vil eit nybygg av same kvalitet og storleik koste.

Ankande part meiner at Kartverket har vurdert saka feil når det gjeld lovbruken (rettsanvendelsen) i saka, samt at kjøpar, Valle kommune, truleg ikkje burde vore involvert frå Kartverket si side, sidan dette er ei sak om kven som var eigar/heimelshavar før salget av Valle Meinighetshus til Valle kommune. Ankande part involverte Valle kommune gjennom eitt skriv, berre fordi det var viktig at kommunen ikkje fekk rive den omtvista eigedomen; det førelå alt då eit kommunalt rivingsvedtak. Eventuell sakkunnig bistand burde kome frå ein upartisk tredjeinstans, eventuelt frå lokal matrikkelstyresmakt, som ikkje ser ut til å ha vore inne i biletet, berre rådmannen og hennes «våpendragar» i Teknisk etat ser ut til å vere involverte. Ankande part vil likevel leggje til at Kartverket sin presentasjon av saka er ikkje så lite skeiv, til fordel for Valle og Hylestad sokneråd og Valle kommune, som det går fram av denne anka.

Ankande part vil også peike på at Valle kommune ikkje kan påberope seg godtruerverv, slikt gjeld ikkje for fast eigedom.

Ankande part vil hermed be Kartverket vurdere å skifte sakshandsamar for denne saka, på bakgrunn av habilitetsvurderingane omtala i boka: *Ernst Moe, Tinglysing i et nøttekskal* (Gyldendal, 2019), side 32:

«Gjelder tinglysingen verdier av stor betydning eller har saken fått stor publisitet, kan offentlige interesser tilsa at registerføreren eller tjenestemannen skal fratre, selv om det ikke kan reises tvil om saken.»

Den foreliggende saka er blitt ein «føljetong» i lokalavisa Setesdølen, samt breidt presentert i lokalradioen Valle Radio, som i dag også omfatter heile

Setesdal gjennom nyerverva Evje Radio.

Ankande part har sendt til Kartverket all tilgjengeleg dokumentasjon gjennom to brev med mange vedlegg - totalt 9 sider med brev og 44 sider med vedlegg. Ankande part legg til grunn at desse dokumenta følgjer med saka til Borgarting lagmannsrett.

- Avslagsbrevet frå Kartverket er dagsett 20. desember 2019. Anka er såleis rettidig.
- Rettsgebyret er innbetalt.
- Ankande part bed om at det vert avmerka i grunnboka om at det pågår ein rettstvist om grunnboksheimelen til eigedomen (hittil er ikkje dette gjort).

II. Handsaminga av saka i Kartverket

Etter ca 4 månaders saksbehandlingstid skriv Kartverket i brev/vedtak av 20.12.2019 på side 1 at «*Statens kartverk Tinglysing kan ikke etterkomme anmodningen*» [om retting av grunnboka]. På brevets side 3 skriv Kartverket: «**Etter å ha gjennomgått saken, mener vi at det vilkårene [sic] for å rette grunnboken etter tingslysningsloven § 18 er tilstede.**» (Mi utheving.)

Kartverket skriv på side 1 i sitt avslagsbrev:

«Fakta i saken

Ved tinglysing av skjøte 17.06.2011 med dokumentnummer 464209 ble gnr. 40 bnr. 7 overført fra Valle Menighetshus og til Valle kommune. På skjøtet fremkom Valle og Hylestad sokn (Valle Menighetshus) orgnr. 976992482 som overdrager. I grunnboken stod hjemmelen på Valle menighetshus med løpenummer. På bakgrunn av henvendelsen sendte vi et varsel om retting av grunnboken til ny hjemmelshaver til eiendommen, Valle kommune, samt Valle og Hylestad sokn som faktisk overskjøttet eiendommen til Valle kommune. Vi har mottatt tilbakemeldinger fra både Valle kommune og Valle og Hylestad sokn.»

Skjøtet frå 2011 er befengt med fleire stygge feil. Grunnboka utpeikar, som skrive ovanfor, «**Styret for Valle Meinighetshus**» som eigar av eigedomen, medan skjøtet feilaktig opplyser at «**Valle og Hylestad sokn (Valle Menighetshus)**» er eigar/overdragar av eigedomen!

Organisasjonsnummeret til seljaren er 976 992 482, i Brønnøysundregistrets Enhetsregister er oppretta i 1997 under det juridiske namnet «Valle og Hylestad sokn», med organisasjonsform «Den norske kirke». Det er då nokså sleipt å skrive inn som eigar/overdragar «Valle og Hylestad sokn (Valle Menighetshus)»! Det ser også ut som Kartverket legg til grunn at eit bygg kan eige seg sjølv, då det skriv: «... overført fra Valle Menighetshus og til Valle kommune ...».

III. Rettslege anførsler

Kartverket henviser i stor grad til eldre, og i flere tilfelle for denne saka, forelda rettskjelder: Austenås bok skriven for 30+ år sidan og lagmannsrettskjennelsar frå 20+ år sidan. Dog henviser Kartverket til ei avgjerd, LB-2019 93725, som omhandlar at «*NN har fått en betydelig gave fra uskifteboet i strid med arveloven ...*» Denne saka er lite relevant for den føreliggjande saka.

Kartverket har sjølv laga seg ei «sjekklister» for sitt arbeid, som Kartverket i denne saka har brote, www.kartverket.no/eiendom/saksbehandling/sjekklister-for-tinglysing/ :

Er dokumentet underskrevet av den/de som har grunnbokshjemmel til eiendommen?

Det er bare den som grunnboken utpeker som hjemmelshaver som kan disponere over eiendommen ved tinglysning, jf. tinglysningsloven § 13. Hvis utsteder er en annen enn hjemmelshaver, må hjemmelshaver gi skriftlig samtykke, helst direkte på dokumentet som skal tinglyses. Dersom dokumentet er signert etter fullmakt, stilles det visse krav til fullmakten.

Er eiendommens salgsverdi oppgitt for beregning av dokumentavgift?

Ved overdragelse av fast eiendom blir det som hovedregel beregnet dokumentavgift på 2,5 prosent av eiendommens salgsverdi. Salgsverdien er det beløpet selgeren vil kunne få for eiendommen på det åpne markedet. Som regel vil kjøpesummen og salgsverdien være den samme. Dersom du krever fritak for dokumentavgift, må fritaksgrunnen opplyses.

Kartverket skriv på side 1 i sitt avslag på krav om retting av grunnboka følgjande:

Anførsler

Rike anfører at det må ha skjedd en feil ved tinglysingen av skjøtet 17.06.2011 dokumentnr. 464209 ettersom vi godtok at Valle og Hylestad sokn disponerte over den faste eiendommen som angivelig tilhørte et annet rettssubjekt. Rike har lagt frem omfattende dokumentasjon som viser eiendommens historikk.

Saka gjeld ikkje kven som «disponerte», uttrykket er synonymt med «benytte» eller «rå over», Valle Meinighetshus, men kven som grunnboka utpeikte som eigar, før salget til Valle kommune. Det vert i denne samanhengen vist til St. meld. nr 12 (2001-2002) frå Næringsdepartementet:

«I grunnboken fremgår det hvem er hjemmelshaver (dvs. eier) og hvilke heftelser som hviler på eiendommen. Med «hjemmelshaver» menes den som grunnboken utpeker som eier av eiendommen. Det er denne som må ha inngått eller samtykket til inngåelse av avtale. Dersom dette ikke er tilfelle, vil en avtale som hovedregel bli nektet registrert i grunnboken. Det er følgelig ikke tilstrekkelig at vedkommende faktisk råder over eiendommen eller av andre grunner mener seg

berettiget til den. (...) Grunnboken står i en særstilling i forhold til øvrige offentlige registre om fast eiendom, idet grunnbokens troverdighet innebærer at opplysningene som er registrert der kan legges til grunn som korrekte. (...) For den som kjøper en eiendom er vissheten om at det ikke kan reises tvil om transaksjonen er riktig. Derfor innhentes det utskrift fra grunnboken slik at kjøper kan få klarhet i om eiendommen er heftelsesfri og at selger er hjemmelshaver til den. (...) Justisdepartementet vedtok sommeren 2001 forskriftsendringer hvor formålet var å skape mer enhetlig praksis og forenkling for brukerne. Et detaljert regelverk vil begrense skjønnsutøvelsen, og dermed oppnås enhetlig praksis.» (Mine understrekingar.)

IV. Status quo ante bellum – rettsleg interesse

I avslagsbrevet frå Kartverket utelater Kartverket stort sett alle ankande parts juridiske anførslar, og nemner berre at «Rike har lagt frem omfattende dokumentasjon som viser eiendommens historikk.»

Kartverket siterer mykje Valle kommune sin advokat – mellom anna følgjande:

«Når det i grunnboka stod «styret for Valle menighetshus» må dette tolkast i tråd med «Lover for Valle menighetshus» og kyrkjelova, som begge angjer soknet som rette eigar av meinighetshuset. Soknet er eige rettssubjekt, medan styret for meinighetshuset aldri har vore eit eige rettssubjekt. Slik vi ser det har Kartverket gjort ei korrekt vurdering då det vart akseptert at Valle og Hylestad sokn disponerte over egedomen.»

I vårt skriv til Kartverket av 12.09.2019 vart det uttrykt at Kartverket neppe lot seg imponere av påstanda om at grunnboka må tolkast «i tråd med «Lover for Valle Meinighetshus» og kyrkjelova. Men her har ankande part tatt feil, for registerfører i Kartverket, Haldis Framstad Skaare, skriv i sitt avslagsbrev, i «**Vår vurdering**», i første punkt at

«De vurderer vedtektene for Valle menighetshus slik at eierskapet til eiendommen er lagt til soknet, jf. vedtektene § 1. Det er soknerådet som da har hjemmel til å selge eiendommen til kommunen.»

I «**Vår vurdering**» skriv Kartverket også følgjande:

«Det er fremlagt lover for Valle menighetshus der det fremkommer i § 1 at menighetshuset er et lokale for hele soknet og det hører til Valle kirkelyd. Til å ordne med huset skal det velges et styre, jfr. § 4 i nevnte lover.

*Vi skal rette grunnboken **når vi blir oppmerksomme** på at den er uriktig, eller når det på annen måte er gjort feil. Feilen må være klar og uomstridt. I tillegg må det*

være klart hvordan grunnboken skal rettes. Dette følger av tinglygingsloven § 18 og rettspraksis.» (Mi understreking og utheving.)

Det Kartverket egentleg seier her, er at ein kan ikkje stole på grunnboka, for ein eigedom kan ha vedtekter som kan seie noko anna enn grunnboka om eigedomsforholdet, og då vert ein slik feil «uklar og omstridt», og då kan Kartverket ikkje rette feilen: «Dette følger av tinglygingsloven § 18 og rettspraksis.»!

Høgsteretts kjæremålsutvalg har «presisert at kravet til høy grad av sannsynlighet for at grunnbokas innhold er uriktig, knytter seg til situasjonen da tinglygingsfeilen ble begått», ref. Rt. 2008 s. 287. Høgsteretts presisering i Rt. 2004 s. 883 om at:

«Tinglygingsloven pålegger registerføreren å undersøke om det dokument som innleveres, har mangler som hindrer tinglysing.» «Rekvirenten har i tinglygingsprosessen derimot ikke krav på å få vurdert vanskelige rettsspørsmål knyttet til det underliggende forholdet, når registerføreren skal ta stilling til om vilkårene for tinglysing er oppfylt,» jf. tinglygingslova § 12 a og Rt. 2004 s. 883.

Det finst i denne foreliggjande saka ingen «vanskelige rettsspørsmål knyttet til det underliggende forholdet» å ta stilling til. «Både Tinglygingsutvalget og Brækhus antar at registerføreren har plikt til å nekte tinglysing av rettsiftelser i strid med preceptorisk lovgivning, jf. merknad 2 til tinglygingsloven § 8. Tinglygingsarbeidet må være preget av strenge krav til det formelle. Det må derfor ikke være for mange åpne og skjønnspregede spørsmål å ta stilling til for registerføreren.» (Tinglysing. Borgar Høgetveit Berg og Stein Bråthen-Otterbach, 2009.)

Manglande grunnboksheimel eller manglande skriftleg samtykke til ein rettshandel er klare «manglar i særklasse». Det er ikkje tvil om grunnboksheimelen før 17. juni 2011 tilhørde «Styret for Meinighetshuset».

Kartverket har i denne saka tilsynelatande problem med å følgje tingslygingslova § 18 når det gjeld overføring av fast eigedom/retting av grunnboka. Og når ein eigedom først feilaktig er overført, har Kartverket tilsynelatande problem med å rette opp ei sak også der det ikkje er kompliserande forhold: «(...) hvordan grunnboken skal rettes.»

Til støtte for ankande parts syn vert det synt til Noregs Høgsteretts samrøystes kjennelse av 10. juni 2014, ref. www.domstol.no/Enkelt-domstol/hoyesterett/avgjorelser/avgjorelser-2014/ankeutvalg-sivil/Sporsmal-om-retting-av-grunnboken-for-fast-eiendom/ :

«Det følger av tinglygingsloven § 18 første ledd første punktum at registerføreren dersom han blir oppmerksom på at en innføring i grunnboken er uriktig, eller "at

det på annen måte er gjort feil", har plikt til å rette feilen. Alternativet "at det på annen måte er gjort feil", dekker ikke bare rene tinglysingsfeil, men også tilfeller hvor dokumentet er ugyldig, og innføringen ikke skyldes tinglysingsfeil, men registerførerens manglende eller uriktige opplysninger om dokumentets tilblivelse, se Borgar Høgetveit Berg og Stein Bråthen-Otterbech, Tinglysing, 2009, side 218. Det er ikke noe vilkår for rettingsplikt at registerføreren kan klandres for at det er begått feil.

(24) I dette tilfellet kunne C ikke uten ektefellens samtykke overdra eiendommen. Selv om Statens kartverk ikke var klar over dette da tinglysingen fant sted, har kartverket etter ankeutvalgets oppfatning plikt til å foreta retting etter § 18 første ledd når det blir gjort oppmerksom på forholdet.

(25) Lagmannsrettens kjennelse bygger etter dette på en uriktig tolking av tinglysingsloven § 18 første ledd. Den samme feil rammer kartverkets vedtak om å nekte retting. Lagmannsrettens kjennelse og kartverkets vedtak må etter dette oppheves, jf. tvisteloven § 30-15.

(26) Kjennelsen er enstemmig.» (Mine understrekingar.)

I denne saka har Kartverket ikkje anna å gjere enn å tilbakeføre grunnboksheimelen til «Styret for Meinighetshuset». Høgsteretts samrøystes kjennelse, nemnd ovanfor, set ikkje opp ein snever terskel for kven som kan gjere registerfører merksam på at det er gjort feil med omsyn til tinglysing av eigedom. Kriteriet som Høgsterett legg seg på er: «dersom han blir oppmerksom på at en innføring i grunnboken er uriktig (...)

At styret p.t. er nedlagt, vert til ein viss grad analogt med å tilbakeføre ein heimel til ein avliden person, jf tinglysingslova § 38 a – men omsynet til grunnbokas truverde, slik Justisdepartementet skriv over, må ha forrang i forhold til slike mindre saker som gjeld «arv»/reetablering av nytt styre for Meinighetshuset, og «Styret for Valle Meinighetshus» har også sin moderorganisasjon i Valle Indremisjonsforeining (Normisjon), jf. kjennelsen i LB-2017-095838. Sagt på ein annan måte: Det er ikkje fare for at Valle Meinighetshus endar opp som eit herrelaust gods! Lovverket er også kapabelt til å handtere «herrelaust gods», og sjølv då vil ikkje Soknerådet rettmessig kunne få grunnboksheimel til eigedomen, utanom gjennom ein rettshandel.

Noko meir om «rettsleg interesse»: Nedanfor oppsummere Kartverket kommunens advokat:

«Til slutt anføres det at styret for menighetshuset har nedlagt seg selv som følge av at huset ble solgt. Det bemerkes at to av dem som undertegner klagen var tidligere styremedlemmer og de mener at skifte av standpunkt

ikke kan rokke ved et tidligere vedtak. Kommunen mener derfor at de må vurderes som privatpersoner.»

Det korrekte er at alle fire underskrivarane av klaga til Kartverket var tidlegare medlemmer av «Styret for Valle Meinighetshus», og alle var medlemmer av Valle Indremisjonsforeining/Normisjon. Då klaga til Kartverket vart arbeidd med, oppfatta vi at vi hadde dårleg tid på grunn av at vi måtte kome eit kommunalt rivingsarbeid i forkjøpet. Difor vart det ikkje gjort så store forsøk på å kome i kontakt med personar som var bortreiste eller flytta frå kommunen, eller av andre grunnar var vanskeleg tilgjengelege. Det vart på den tid heller ikkje rekna som naudsynt å få uttale/støtte frå Valle Indremisjonsforeining/Normisjon lokalt eller regionalt, eller frå Valle Indremisjonsforeinings kvinneforeining, Fjellblomen.

Valle Indremisjonsforeining/Normisjon har i si snart 120-årige historie vore ei uregistrert foreining i høve til offentlege styresmakter, medan Fjellblomen vart registrert i Enhetsregisteret i Brønnøysund i 1987.

Det vert, på grunnlag av ovanståande vedlagt 13 nye underskrifter, som støttar ankande parts sak overfor Kartverket/Borgarting lagmannsrett. Dette omfattar tidlegare styremedlemmer i «Styret for Meinighetshuset», fleire tiårige styremedlem, og styreformann, i Valle Indremisjonsforeining, Håvard Viki, styremedlemmer i Valle Indremisjons kvinneforeining Fjellblomen osv. Etter dette bør det ikkje vurderast som seriøst å peike på «manglande rettsleg interesse» slik som anført nedanfor:

Kartverket ramser det opp i si «vurdering», og kommunen sin advokat skriv som pkt. 1: *«Klagarane har ikkje rettsleg interesse etter tinglysingsloven § 3, jf. tvisteloven § 1-3.*

Tinglysingsloven § 3, første ledd, lyder slik:

«Avgjørelser av registerføreren kan ankes av enhver som har rettslig interesse.»

Tvisteloven § 1-3 lyder slik:

(1) Det kan reises sak for domstolene om rettskrav.

(2) Den som reiser saken, må påvise et reelt behov for å få kravet avgjort i forhold til sakssøkte. Dette avgjøres ut fra en samlet vurdering av kravets aktualitet og partenes tilknytning til det.»

Det bør ikkje vere nokon tvil om at vi som ankande part har ei rettsleg interesse, slik som omhandla i både tinglysingslova og tvistelova.

Dessutan er denne saka viktig for å gjenopprette truverde til grunnboka. Ankande part krev difor vindikasjon – tilbakeføring av eigedomen til eit reetablert styre for Valle Meinighetshus, til *status quo ante bellum* pr juni 2011.

V. Prosessuelt

Ankande part legg til grunn at saka berre vert handsama gjennom skriftleg handsaming.

Ein tek atterhald om nye merknader og bevis.

Ein tek atterhald om eventuelt bytte av prosessfullmektig.

Anka vert sendt pr epost til Kartverket, epostadresse: tinglysing@kartverket.no .

VI. Påstand

Det vert lagt ned slik

Påstand:

1. Heimelsoverdragelsen av 17. juni 2011 frå Valle og Hylestad sokneråd til Valle kommune for eigeidomen gnr 40 bnr 7, Valle kommune, vert omgjort etter tinglysningslova § 18, og grunnboksheimelen for denne eigeidomen vert tilbakeført til «Styret for Valle Meinighetshus».
2. Valle Meinighetshus vert overlevert til eit reetablert «Styre for Valle Meinighetshus»/Valle Indremisjonsforeining (Normisjon) så snart som råd, i den stand det var i juni 2011, inkludert alt av inventar, møblar, stolar, benkar, bøker, kjøkkenutstyr m.m. etter tinglysningslova § 35, jf tvistelova § 24-9 og skadeserstatningslova § 4-1.
3. Valle og Hylestad sokn (Soknerådet) og Valle kommune vert solidarisk ansvarlege for å oppfylle punkt 2 ovanfor. Subsidiært at tinglysningslova § 35 kjem til anvending: «rett til erstatning av staten» stort nok til å dekkje kostnadene nemnde i punkt 2 ovanfor, i samsvar med takst over kostnadene.
4. Sakskostnadene i samband med ankesaka/lagmannsrettssaka vert betalt til Tarald Rike.

Oppstad, den 17. januar 2020.



Tarald Rike

Vedlegg: 13 nye underskrifter pr 17. januar 2020.



Haldis Pramstad Skaare

Vedlegg

Rettstvisten om Valle Meinighetshus:

Vi støtter kravet om tilbakeføring av Valle Meinighetshus til eit reetablert styre for Valle Meinighetshus

Underskrivne personar, som alle har, eller har hatt, tillitsverv, og bruka Valle Meinighetshus, innan Styret for Valle Meinighetshus/Valle Indremisjonsforeining/Valle Normisjon/Foreininga Fjellblomen,

Namn (blokkbokstavar)	Namn (signatur)	Verv
LIV ÅKRE TRYDAL	Liv Åkre Trydal	Fjellblomen
HÅVARD VIKI	Håvard Viki	Tidlegare formann
VILBORG VIKI	Vilborg Viki	Medlem
GYRO HAUGEN	Gyro Haugen	Styremedlem
JORUN HANLAND	Jorun Hanland	Fjellblomen
ELBISBERG LANGEID	Elbisberg Langeid	"
TONE RYSTAD	Tone Rystad	Bibelgrupper
GUÐRUN ÅKRE	Guðrun Åkre	Bibelgr.
REIDUN ÅKRE	Reidun Åkre	Bibelgr.
ORLEIV ÅKRE	Orleiv Åkre	
HELEGA ÅKRE	Helga Åkre	
DANIEL RIKE	Daniel Rike	
GYRO HOFTUFT	Gyro Hoftuft	

VALLE OG HYLESTAD SOKN
Postboks 8
4746 VALLE

Vår ref.: skahal
Sak/dok.: 20/08438-5

Dato:
20.02.2020

Dere kan avgi tilsvaret til anke

Saken gjelder gnr. 40 bnr. 7 i 4221 Valle kommune

Vi har mottatt vedlagt anke. Anken er tinglyst 17.02.2020 med dokumentnummer 2115762 på ovennevnte eiendom. Dere kan avgi et tilsvaret til anken.

Tilsvaret må være postlagt eller levert direkte til oss senest tre uker innen tidspunktet anken var forkynt for dere.

Tilsvaret

Et tilsvaret bør inneholde følgende opplysninger:

- a) Deres påstand, som angir det resultat dere ønsker
- b) Begrunnelsen for deres påstand
- c) De bevis dere ønsker å legge frem som støtte for påstanden
- d) Eventuelle meninger dere måtte ha om den videre behandlingen av saken

Dersom du er representert ved advokat skal tilsvaret med bilag sendes direkte til ankemotparten samtidig som det sendes til Statens kartverk Tinglysing i 2 eksemplarer.

Videre behandling

Etter at tilsvarefristen er utløpt vil registerfører gi en redegjørelse for saken og oversende denne med sakens dokumenter til Borgarting lagmannsrett for videre skriftlig behandling. Dette følger av tinglysingsloven § 3 og tinglysingsforskriften § 14 femte ledd.

Dersom man sender inn et tilsvaer og nedlegger en paastand vil dere i den videre prosessen bli betraktet som ankemotpart. Dersom den ankende part vinner frem kan man da bli ansvarlig for motpartens sakskostnader. Dette følger av tvisteloven § 20-2.

Med vennlig hilsen


Haldis Framstad Skaare
registerfører



Mottaker: VALLE KOMMUNE
VALLE OG HYLESTAD SOKN

Kopi Tarald K Rike

Valle og Hylestad sokn - tilsvar til anke**Bente Vangdal Espenes** <bente.espenes@ka.no>

4. mars 2020 kl. 13:10

Til: Anne Ringstad <post@valle.kyrkja.no>

Kopi: Knut Olav Uppstad <uppstad@gmail.com>, Aud Sunniva Fuhr <Aud.Sunniva.Fuhr@valle.kommune.no>, "post@interjuris.no" <post@interjuris.no>

fint:)

Mvh

Bente Espenes

Fra: Anne Ringstad <post@valle.kyrkja.no>**Sendt:** tirsdag 3. mars 2020 23:04**Til:** Bente Vangdal Espenes <bente.espenes@ka.no>**Kopi:** 'Knut Olav Uppstad' <uppstad@gmail.com>; Aud Sunniva Fuhr <Aud.Sunniva.Fuhr@valle.kommune.no>; 'post@interjuris.no' <post@interjuris.no>**Emne:** Valle og Hylestad sokn - tilsvar til anke

Til

Bente Vangdal Espenes

Kopi til.

Lars Gunnar Nag

Aud Sunniva Fuhr

Knut Olav Uppstad

Hei.

Jeg viser til e-post fra menighetsrådsleder Knut Olav Uppstad mandag 2. mars.

Vi har hatt møte med kommunen i dag angående anke på vedtak fra Kartverket om Valle menighetshus.

Valle og Hylestad sokneråd vil gjerne engasjere deg for å gi tilsvar på anken.

Kommunen vil også skrive tilsvar til anke og bruker sin jurist Lars Gunnar Nag. Derfor har jeg satt han og rådmann i Valle kommune på kopi av denne e-posten.

Vi tenker (kommune og kirke) at det kan være lurt om dere to «samarbeider» i alle fall vet hva den andre skriver i tilsvaret.

Ha ein god dag!

Helsing

Kyrkjeverje Sissa Ringstad

E-post post@valle.kyrkja.noInternett www.valle.kyrkja.no

Postadresse Valle og Hylestad Sokneråd, Sæbyggjen, 4747 Valle



Tlf: 97784706 Fax: 37937515 Org.nr 976 992 482 Konto: 2890.20.83490



Anke

Knut Olav Uppstad <uppstad@gmail.com>
Til: Bente Vangdal Espenes <bente.espenes@ka.no>
Kopi: Anne Ringstad <post@valle.kyrkja.no>

2. mars 2020 kl. 14:47

Hei Bente.
Takk for dette. Foreløpig så har eg bare opptrådt på egen hånd uten koordinering med hverken kyrkjeverje, sokneråd eller kommune. Vi skal ha arbeidsutvalsmøte i soknet i morgon, og så skal vi ha møte med rådmann/ordfører på førstkomande onsdag formiddag. Kunne vi ha snakkes ei gong etter dette for å komme tilbake til ein framdrift på tilsvar?
Helsing Knut Olav

man. 2. mar. 2020, 14:37 skrev Bente Vangdal Espenes <bente.espenes@ka.no>:

Hei,

KA kan sende inn tilsvar for dere.

Jeg har startet å se på saken nå, kommer nærmere tilbake til deg.

Dere har brukt opp fire timer i anledning saken her, så dette faktureres etter medlemspriser se her: <https://www.ka.no/om/tjenester-fra-ka>

Med vennlig hilsen

Bente Vangdal Espenes

Spesialrådgiver / Advokat

Arbeidsgiveravdelingen

cid:image001.png@01D082C0.471B5650

M 924 48 395

www.ka.no

Tenk miljø. Trenger du utskrift?

Fra: Knut Olav Uppstad <uppstad@gmail.com>
Sendt: torsdag 27. februar 2020 15:30
Til: Bente Vangdal Espenes <bente.espenes@ka.no>
Kopi: Anne Ringstad <post@valle.kyrkja.no>
Emne: Anke

Til Bente Vangdal Espenes, KA

Takk for samtale, og her er vedlagt anke som vart forkynt frå Valle og Hylestad sokn i dag. Eg ringte deg fordi du har hjelpt til i denne saka i fjor haust. Det er ikkje bestemt nokon ting i soknerådet eller på kyrkjekontoret korleis vi skal gripe dette fatt, men tenkte om det var fornøftig at du såg litt på dette, og så at vi avklarar framdrift med tilsvar til neste veke. Då skal vi også ha møte med kommunen.

Helsing Knut Olav Uppstad

Leder av Valle og Hylestad sokneråd